

Høyringsssvar



Norsk Studentunion
-stifta 1936 -

Storgata 19, 0184 Oslo
Tlf: 22044950
Fax: 22244247
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Høyringsssvar til "Høring – Evaluering av Bokavtalen"

**Høyringsssvar frå
Norsk Studentunion**

Norsk Studentunion (NSU) takkar for høvet til å uttale seg. NSU sitt Landsstyre har 26.09.09 vedteke følgjande høyringsvar:

Norsk Studentunion (NSU) er ei interesseorganisasjon for nærare 90.000 studentar ved universitet, kunst- og vitskapelege høgskuler, som arbeider for studentane sine faglege, økonomiske, og sosiale rettar. NSU ynskjer å svare på høyringa ut frå eit studentperspektiv på dagens bokbransje og dei statlege litteraturpolitiske måla knytta til Bokavtalen. Fokuset vil naturleg nok ligge på bokgruppa som omhandler faglitteratur.

NSU meiner det er viktig å ivareta det norske språk og sikre norsk fagterminologi, og meiner at den medvitne statlege litteraturpolitiske målsetjinga om å sikre ei breidde i litteraturen er ein god måte å gjere dette på. For NSU er det óg viktig at dette inneber ei språkleg likestilling mellom nynorsk og bokmål. Vidare meiner NSU at for å oppnå dei litteraturpolitiske måla er det viktig at rammevilkåra legg til rette for at det fins marknad for norske akademiske forlag og moglegheit for framleis å ha campusbokhandler, og at bransjeavtalen difor må støtte opp under dette.

NSU meiner at det viktigaste for studentane, frå eit utdanningskvalitativt perspektiv, må vere at pensumlitteraturen er av høgast mogleg kvalitet, og at han er godt tilpassa det aktuelle emnet. Det må vere opp til foreleser å velje ut pensumlitteratur, og det må leggjast til rette for at pensumvalet ikkje vert hindra av eksempelvis manglande breidde i litteraturtilbodet eller økonomiske omsyn.

NSU meiner ein må sjå om finansieringssystemet for Universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) kan ha negativ innverking på produksjonen av norsk faglitteratur, og at det difor kan gå på tvers av dei statlege litteraturpolitiske måla. I dagens finansieringssystem har ein ein resultatbasert komponent på forskingsområdet som gjer at institusjonane får midlar basert på kor mykje dei har publisert, og kor dei har publisert, då i hovudsak artiklar. Norske tidsskrift er i all hovudsak rangert under utanlandske tidsskrift. Ein får ikkje uttelling for produksjon av lærebøker eller bøker retta mot allmenmarknaden, noko som fører til lågare produksjon av fagbøker, og auka grad av artikkelsamlingar og kompendier til bruk som pensum.

NSU meiner dimed at finansieringssystemet ikkje bidrar til å styrke det norske språk og/eller norsk fagterminologi, og sikrer heller ikkje produksjon og tilgjenge av god, norsk faglitteratur. NSU har tidlegare kome med innspill til evalueringa av finansieringssystemet, og uttrykt at det er ønskeleg med endringar i systemet slik at ein i større grad fremjer kvalitet og spegler viktige nasjonale målsetjingar for forskinga. NSU tykkjer det er viktig med ein heilskapleg litteraturpolitikk, og at det difor vil vere relevant å sjå på finansieringssystemet for UH-sektoren i samband med dette, då systemet i dag klart ikkje spegler nasjonale litteraturpolitiske målsetjingar.

Til slutt ønskjer NSU å påpeike at ein har som føresetnad at universell utforming vert lagt som eit grunnleggjande premiss i det vidare arbeidet med bransjeavtaler og andre verktøy for å sikre litteraturpolitiske mål. NSU meiner dette vil vere særskilt relevant i forhold til dei teknologiske utfordringane og endringane bransjen har møtt så langt, og truleg kjem til å sjå meir av i framtida.